

Spelar ved julegrantenninga for 45. gang!

24.11.2007



Frå øvinga i fjor. Bjørgulv Eik (t.h.) har vore med på samtlege spelingar, og stiller i år opp for 45. gang!

Musikklaget har spela ved julegrantenninga kvart einaste år sidan starten 1963. No er dei klar til å spela for 45. gang når lysa på den flotte julegrana vert tent fredag 30.november.

Etter at det har vore stille rundt korpset sidan i vår, vakna det til live att sist tirsdag. Då møttest 12 musikantar til øving i skulen, og dei kjende og kjære julesongane tona frå klasserommet dei øvde. Fleire gjev julegrantenninga æra for at musikklaget framleis er i ein viss aktivitet. År etter år har korpset starta øvingane for å spela på dette arrangementet som musikklaget grunnla heilt tilbake i 1963. – Utan julegrantenninga hadde musikklaget vore nedlagt for ein god del år sidan, vert det hevda.

Det var altså 12 musikantar som møtte til den første øvinga. Det var stort sett gamle travarar, men det var og heilt nye ansikt å sjå i denne samanhengen, og det er ekstra gledeleg. Det er og gode voner om at det vert fleire, for ein kjenner til nokre som ikkje hadde høve denne første kvelden. Dessutan er det viktig at alle som kan bidra og har lyst, stiller opp. Det er berre å møta opp i skulen førstkommande tirsdag. Øvinga startar klokka åtte og varer til om lag halv ti.

Vi får opplyst at det foreløpig berre er planar om denne eine spelinga. Men kva veit vi?? Kanskje det vert fleire??

Av: Thor Inge Døssland